NOTAT VEDKOMANDE MUSEUMSFONDET

1. **LÅN AV MUSEUMSFOND TIL ARBEID MED OG TRYKKING AV BYGDEBØKER I 2001-02.**

I 2001 vart det nytta kr 140.344 av museumsfond til arbeid med bygdebok. Påfølgjande år vart det nytta kr 10.000 til det same, samt kr 136.006,40 til nytrykking av gamal bygdebok.
Til saman vart dette finansiert mellombels frå museumsfondet med kr 286.350,40.

Tilbakebetaling til fondet skulle skje gjennom sal av bøkene. Bokført tilbakebetaling er som følgjer: I 2002 kr 50.000 (overført frå bygdebokfond, Håkonarfond og fond for kulturminnestafett.) I 2003 kr 0,-. I 2004 kr 9.845,53. I 2005 kr 0,-. I 2006 kr 7.641,- (der kr 3.366 gjaldt 2005). Samla tilbakeføring utgjer desse åra kr 67.486,53. Dette er for lite.

**Saldo på memoriakonto for lån til bygdebok er i høve desse tala kr 218.863,87.**

Me kjem ikkje til å gå inn og leita etter fleire boksal for desse åra, men vil heller vurdera supplerande løysingar.

Frå 2001 og fram til i dag har museumsdrifta vore under kommunal styring. Før den tid var museumsarbeidet etter avtale med kommune drifta av eit museumslag, med kr 25.000 i årleg støtte frå kommunen, samt bruk av rentemidlar frå fondet. Sidan 2001 har museumsfondet vært nytta til både drift, investering og lån til bygdebøker. Det har også blitt ført fast prosentstilling på museet sidan 2002 (Elise Aarbø) for å ivareta museumsverksemda. Leigeinntekter for Årskog barnehage vert og ført på museet.

Kommunen har og dekt inn ymse driftskostnader som gjeld museumseigedomene, over den kommunale drifta (off.avg., straum, forsikring, vedlikehald mv.) over fleire år (også før 2001).

Drift av museet (ansvar 11131 i perioden 2001-02; teneste 3750 sia 2003) har ikkje gått i null, med unntak av 2005. I 2001 hadde muséet eit overskot på 30.530. I 2002 eit underskot på kr 15.415,83. I 2003 eit underskot på kr 74.977,11. I 2004 eit underskot på 5.307,90. I 2005 null. I 2006 ligg museumsdrifta med underskot kr 101.026,89 (før budsjettert bruk av fond).

Desse åra har museumsfondet vært nytta slik til drifta av museum:

| | | | |
|---|---|---|---|
| 2001: | kr 0,- | (budsjett 25.000,-) | |
| 2002: | kr 50.000,- | (lik budsjett) | |
| 2003: | kr 0,- | (budsjett 20.300,-) | |
| 2004: | kr 25.000,- | (lik budsjett) | |
| 2005: | kr 20.665,91 | (budsjett 34.952,-) | |
| Sum | kr 95.665,91 | (budsjett 155.252,-) Avvik | 59.586,- |
| Korrigerer vekk avviket for 2001 (drifta gjekk i pluss) | | | -25.000,- |
| Korrigert avvik | | | 34.586,- |

**A)Føreslår at dette avviket i sin heilskap vert ført mot lån til bygdebok. Memoriapost.**

Desse åra har drift av museet blitt ført i pluss og minus. Ser bort frå 2001, då det året stort sett føregjekk arbeid med bygdebok (lånt av fondet). Resten av utgiftene gjekk mot leigeinntekter.

2002: Underskot museumsdrift kr +15.416,-
Korrigert for mangl. Leigeinntekt kr –35.000,-
Korrigert for mangl. Faste utgifter kr 10.000,- straum, komm.avgifter, forsikring
Korrigert overskot kr -9.584,-

2003: Underskot museumsdrift kr 74.977,-
Korrigert for mangl. Bruk av fond kr – 20.300,- (medrekna tidlegare punkt)
Korrigert underskot kr 54.677,- (høge straumprisar, vedlikehaldsutgifter)

2004: Underskot museumsdrift kr 5.308,-
Korrigert for mangl. Avskrivning kr 3.813,- (notabu 2002)
Korrigert underskot kr 9.121,-

2005: Balansert driftsresultat kr 0,-
Korrigert for mangl. Bruk av fond kr – 14.286,- (medrekna tidlegare punkt)
Korrigert overskot kr -14.286,-

Netto resultat i perioden 2002-05 kr 39.928,- i underskot

**B) Føreslår at dette underskotet (som er dekka av kommunen) vert ført mot memoriaposten på lån til bygdebok.**

2006: Rekneskapen syner driftsresultat kr 101.026,89 i underskot.
Her inngår det restaureringsarbeid på sjøbu med kr 91.536,-
Det inngår også mva-refusjon med kr -17.481.
Det er budsjettert bruk av fond kr -36.599,-.

**C) Føreslår at heile driftsresultatet for 2006 vert dekka av kommunen og ført mot memoriaposten på lån til bygdebok.**

Memoriaposten vil etter dette verta slik:

Saldo iflg. Rekneskapen kr 218.863,87
Fråtrekk jf. Pkt. A - 34.586,-
Fråtrekk jf. Pkt. B - 39.928,-
Fråtrekk jf. Pkt. C - 101.026,89
**Korrigert saldo på lånet kr 43.322,98**

## 2. LØYVING TIL BRANN/TJUVERIALARM I FITJAR KYRKJE 2001

Dette tiltaket vart argumentert og vedteke ut frå sikring av museale verdiar, og finansiert ved museumsfondet. Kommunen sit att med kr 28.000,- på fond nr. 2550099 av samla løyving på kr 90.000,-.

Føreslår at denne restposten på bundne investeringsfond vert ført tilbake til museumsfondet.

Fitjar, 6. mars 2007

Svein Erik Vinje
økonomisjef

| T-3750 | Museumstenesta | 2006 | Ført i drift | |
|---|---|---|---|---|
| Løn i faste stillingar | 10100 | 35632,48 | 35 632,48 | Elise Aarbø |
| Løn ekstrahjelp | 10300 | 607,25 | 607,25 | |
| Pensjon | 10900 | 4 928,99 | 4 928,99 | |
| Arbeidsgjevaravgift | 10990 | 5 780,00 | 5 780,00 | |
| Faglitt. Ab. | 01008 | 0,00 | 0,00 | |
| Servering møter/kurs | 11152 | 0,00 | 0,00 | |
| Reinhaldsutgifter | 11206 | 78,64 | 78,64 | |
| Utgifter telefon/data | 11302 | 384,68 | 384,68 | |
| Straum | 11800 | 6 878,19 | 6 878,19 | |
| Forsikringar | 11850 | 3 158,75 | 3 158,75 | |
| Eigedomsavgifter | 11950 | 5 135,96 | 5 135,96 | |
| Kontingent | 11951 | 400,00 | 400,00 | |
| Inventar/utstyr | 12000 | 4 192,40 | 4 192,40 | |
| Vedlikehald bygningar | 12300 | 63 998,60 | 63 998,60 | Rest.tak sjøbu |
| Matr. Vedl.hald | 12500 | 912,80 | 912,80 | d.s. |
| Kjøp andre tenester priv. | 13703 | 4 125,00 | 4 125,00 | Sunnh.Vedlh.s |
| Moms | 14290 | 17 481,31 | 17 481,31 | |
| Overført til private | 14700 | 3 000,00 | 3 000,00 | Sunnh. Folker |
| Forsinkelsesrenter | 15001 | 0,00 | 0,00 | |
| Ord.avskr. | 15900 | 3 813,15 | 3 813,15 | |
| Sum kostnader | | 160 508,20 | 160 508,20 | |
| Husleigeinntekter | 16300 | -42 000,00 | -42 000,00 | Årskog barnel |
| Statstilskot | 17000 | 0,00 | 0,00 | |
| Refusjon moms | 17290 | -17 481,31 | -17 481,31 | |
| Refusjon frå andre | 17700 | 0,00 | 0,00 | |
| Sum inntekter | | -59 481,31 | -59 481,31 | |
| Avsetjing til bunde fond | 15500 | 0,00 | 0,00 | |
| Sum finanstransaksjoner | | 0,00 | 0,00 | |
| Bruk av lån | 09100 | 0,00 | 0,00 | |
| Sum finansiering | | 0,00 | 0,00 | |
| Resultat jf rekneskap | | 101 026,89 | | |
| Udekka | 2005 | 0,00 | 0,00 | |
| Udekka | 2006 | 101 026,89 | 101 026,89 | |
| Prosjektsaldo | | | 101 026,89 | |
| Avsatte fondsmidlar | | | 0,00 | |
| Brukte fondsmidlar | | | 0,00 | |
| Rest fondsmidlar | | | 0,00 | |
| Restkapital | | | -101 026,89 | |
| Fond ID | | | | |

# Fitjar kommune

Arkiv: M16
Saksmappe: 99/01610-51
Sakshandsamar: Atle Tornes
Dato: 02.04.2007

# MØTEBOK

## Vassleidning til Dåfjorden.

| Utval sak | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 026/07 | Formannskapet | 11.04.07 |
| | Kommunestyret | 25.04.07 |

**Vedlegg:**
Sak 032/07 til Plan og miljø/Fast utval for plansaker.
Referat kontraktsforhandlingar 26.03.07

**Bakgrunn:**
Det har i mange år vore arbeidd med ny vassledning til Dåfjorden. I langtidsplanane for 2003 var det føresett 4,5 mill for prosjektet. I gjeldande plan er det føresett kr. 3.700.000,-, men godkjent låneopptak er kr. 3.000.000,-.

No viser kalkylene ca. kr. 3.844 mill. jfr. vedlagte kopi av sak til Utval for plan og miljø.

**Drøfting:**
I denne kalkylen er kostnaden til grunnerverv ikkje med. På prosjektet vert og ført kostnadene med trykkevaluering av heile leidningsnettet.
Kalkylen vart og gjort før endeleg sluttinging med entreprenørar, noko som kan gje ein liten pluss og minus. Særleg er det knytt uvisse kring overgang vatn/land og arbeidsomfang. Såleis bør me rekna ein viss margin til tala i utvalet (dette vart teke munnleg i utvalet). Låneopptaket bør aukast til inntil 4,0 mill.

**Framlegg til vedtak:**
Formannskapet godkjenner oppstart av vassleidning til Dåfjorden som skissert i saka med vedlegg.

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Det vært å søkja fylkesmannen om godkjenning av ekstra låneopptak til finansiering av prosjektet, med inntil kr. 1,0 mill.

Atle Tornes
Rådmann

# Fitjar kommune

Arkiv: M16

Saksmappe: 99/01610-49
Sakshandsamar: Atle Tornes
Dato: 15.03.2007

# MØTEBOK

## Vassleidning til Dåfjord

| Utval sak | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 032/07 | Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker | 27.03.07 |

Samandrag:
Me viser til tidlegare handsamingar i utvalet.

Etter i ha redusert prosjektet ved at ein har teke noko arbeid og deler i eigen regi, har me no fått inn nye anbod.

Anbodet skal gjelda for 4.850 meter PE ledning gjennom vatna, medan anbodet er på 5050 meter. Det er trekt skjønnsmessig ca. 25.000,- på billegaste anbod , avrunda til 1.800.000.

Me har ikkje fått gjennomført kontraktsforhandlingar. Desse er avtalt til 26.03.07.

Me legg til grunn at me kan få gjort røyrdelen i vatnet til kr. 1.8 mill i 2. kvartal, og får dermed fylgjande kalkyle i 1000 kr.

| | |
|---|---|
| Grøfteentreprenør | kr. 1.100 |
| Fitjar kommune | kr. 550 |
| Røyrentreprenør | kr. 1.800 |
| Konsulent | kr. 150 |
| Innmåling/diverse | kr. 50 |
| Renteberekning | kr. 85 |
| Administrasjon | kr. 109 |
| Sum | kr. 3.844 |

Før kontraktsgjennomgang er tala førebels. Tidlegare vedtak går ut på ramme kr. 3.500.000.
Ramme i kommunale vedtak er kr. 3.700.000,-.
Me ser såleis at begge tal er overskride.

Alle faginstansar rår frå den alternative (og kortare) traseen over Tislevollsaga, som ei teknisk dårleg løysing.
Det er lagt til grunn eige arbeid med kr. 125.000,- og administrasjon kr. 109.000,-, som begge er inntekter for kommunen.

Dei kr. 125.000,- er arbeid av VAR-tilsette, dvs ei inntekt på delvis same avdeling som prosjektet tilhøyrer.

Der er si sterk prisstigning i marknaden. Me har halde på prisar, som går ut delvis 31. mars, delvis 30.04. For å kunna gjennomføre prosjektet med desse prisane må me ha ei avgjerd no.
Administrasjonen vil rå til at prosjektet vert gjennomført i høve til ovanståande.

**Framlegg til vedtak:**
Prosjekt vassleidning til Dåfjorden vert gjennomført som skissert i sakstilfanget.

Atle Tornes orienterte om saka. Prosjektet vert føresett ferdig i løpet av sommaren 2007.

**Behandling i Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker 27.03.2007:**

**Vedtak i Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker 27.03.2007 :(samr.)**
Som framlegg.

Atle Tornes
Rådmann

**4.0 HMS.**

4.1 Forhåndsmelding til Arbeidstilsynet.

| | |
|---|---|
| JT sender Forhåndsmelding. | JT |
| Kopi av meldingen skal være tilgjengelig på anleggstedet. | FK |

4.2 HMS-plan.

| | |
|---|---|
| FK utarbeider overordnet HMS-plan for prosjektet. | FK |
| SD har HMS-plan for sine arbeider. | SD |
| HMS-planer skal være tilgjengelig på anleggsstedet, og være kjent for alle som arbeider på anlegget. | FK |

4.3 HMS-koordinator.

| | |
|---|---|
| FK v/ NIRimmereide er HMS-koordinator i anleggsfasen. | FK |

4.4 Vernerunder.

| | |
|---|---|
| FK gjennomfører vernerunder hver 14. dag. | |
| Kopi av referat etter vernerundene skal være tilgjengelig på anleggstedet. | FK |

**5.0 Offentlige godkjenninger.**

5.1 Byggemelding.

| | |
|---|---|
| JT er ansvarlig søker. | JT |
| FK utarbeider naboliste og sender til JT. | FK |
| SD og GS sender søknad om ansvarsrett m/vedlegg til JT. | SD/GS |

5.2 Kystverket.

| | |
|---|---|
| JT sender søknad til Kystverket, for legging av rør i Dåfjorden. | JT |

**6.0 Rørleggerarbeid.**

6.1 Dybdemålinger i sjø.

| | |
|---|---|
| FK leverte GPS-målinger til SD. | SD |

6.2 Omlegging eksist. vannledning i Dåfjorden.

| | |
|---|---|
| Utføres etter avtale mellom FK og SD. | FK/SD |

6.3 Legging i strandsonen.

| | |
|---|---|
| I bløte områder kan det bli aktuelt med spyling. | |
| SD gir enhetspris på arbeidet. | SD |

Stord, 27.03.07

Øystein Tufteland
siviling.

# VASSLEDNING RYDLAND - DÅFJORDEN.

**Referat etter kontraktsforhandlinger.**

**Dato:** 26.03.07

**Sted:** Fitjar Rådhus

**Til stede:**

| | |
|---|---|
| Atle Tornes, | Fitjar kommune (FK) |
| Nils Inge Rimmereide, | - " – |
| Toralf Gloppholm, | - " – |
| Glenn R. Wiik, | Scan Dykk AS (SD) |
| Geir Strand, | Eget firma (GS) |
| Øystein Tufteland, | J. Tufteland AS (JT) |

| Sak | Ansv. |
|---|---|
| **1.0 Bestilling.** | |
| SD og GS engasjeres til å utføre rørarbeid (PE) og grunnarbeid, i samsvar med anbud, og vilkår nedenfor. | SD/GS |
| FK tar forbehold om politisk godkjenning i utvalgsmøte 28.03.07 og formannskapsmøte 11.04.07. | FK |
| FK utfører rørarbeid med PVC, kummer, koblinger, trykkprøving m.v. | FK |
| **2.0 Framdriftsplan.** | |
| SD starter arbeidene i uke 17.<br>GS starter arbeidne medio mai. Gravearbeid for PVC prioriteres.<br>Ferdig anlegg: 30.06.07. | SD/GS |
| **3.0 Kontraktsforhold.** | |
| 3.1 Reduksjon PE-rør. | |
| PE erstattes med PVC på et ca. 250 m langt strekk ved Rydland.<br>Reguleres etter enhetspriser. | SD |
| 3.2 Massekontroll. | |
| JT sender reviderte tegninger til SD. | JT |
| SD gjennomfører massekontroll. | SD |
| 3.3 Kontraktsdokumenter. | |
| Utarbeides av JT. | |
| 3.4 Bankgarantier. | |
| SD og GS stiller bankgarantier, i samsvar med NS8405. | SD/GS |



Kontor:
Sæ 20, Leirvik
Postboks 131
5401 STORD

Telefon: +47 53 40 24 60
Telefax: +47 53 41 34 66
Web: jtas.no
E-mail: jtas@jtas.no

Bankgiro
8420.05.02824
Postgiro
0803 4641189

Organisasjonsnr.
941 931 790 MVA

Fitjar kommune

Arkiv:
Saksmappe: 03/00556-129
Sakshandsamar:
Dato: 02.04.2007

# MØTEBOK

## Ymse

| Utval sak | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 028/07 | Formannskapet | 11.04.07 |

**Samandrag:**

**Saksopplysningar:**

**Vurdering:**

**Framlegg til vedtak:**

Atle Tornes
Rådmann